



HARDANGER OG VOSS
MUSEUM

**Hordaland Fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900,
5020 Bergen**

Norheimsund 28.11.2014

**M/F Folgefonn I – LCNE , utbetaling av tilskott til fartøyvern for 2014
Dykkar (ref 2014 / 430 -37).**

Viser til tilsegnsbrev av 27. mai 2014 og vår aksept av vilkår. Me bed med dette om at fartøytilskott for 2014, kr 60 000,- blir overført til vår konto 3530 05 03096.

Me takkar for det viktige bidraget frå Hordaland fylkeskommune og kan kort rapportere fylgjande status:

Som formidlingsarena er M/F Folgefonn open for publikum heile sommarsesongen og elles etter avtale.

Innsatsen på fartøyet er knytt til FDV- arbeid med vedlikehald og sikring av kulturminnet. Det største tiltaket er igangsetting av eit større prosjekt med overhaling av motoren på Rubbestadneset på Bømlo. Me har innleia samarbeid med Veteranmotor AS som bidrar til etablering av eit kompetansesenter for Wichmann-motorane der.

Me er elles i gang med prosjektering og planlegging av det kommande restaureringsarbeidet som vonleg kan vera ferdig i 2020.

Felles rapport til fylkeskommunen og Riksantikvaren blir ettersendt.

Med venleg helsing
Hardanger og Voss Museum

Anne Marie Øvrevik (sign)
Konst. direktør
Hardanger og Voss museum

Geir Madsen
prosjektleder